




HERØY  
kommune




# Tiltaksplan ved utbrot av fugleinfluensa

Utarbeida i 2024

EI BÅTLENGD FØRE





---

Fugleinfluensa er ein smittsam virussjukdom som i hovudsak rammar fugl. Folkehelseinstituttet vurdera risikoen for smitte av fugleinfluensa frå fugl til menneske som svært låg.

## Kva skal folk gjere med døde fuglar?

### I område utan kjend fugleinfluensasmitte:

- [Melde frå til Mattilsynet på eige varslingskjema](#).
- Daude fuglar kan leggast i **dobbel** avfallspose og kastast i **restavfallet**.

### I område med kjend eller mistenkt fugleinfluensasmitte

- [Melde frå til Mattilsynet på eige varslingskjema](#).
- Kontakt kommunen , finnast det eiga innsamlingsordning for fugl.
- Om det ikkje finnast innsamlingsordning kan fuglen gravast ned. Fuglen må gravast djupt nok ned slik at andre dyr ikkje kan grave den opp igjen. Grav ikkje i nærleik av bekkar og vasskjelder, eller i myrområde.

Om det vert påvist smitte i kommunen, må kommunen saman med Søre Sunnmøre Reinhaldsverk (SSR). lage ei innsamlingsordning slik at privatpersonar kan levere daude fuglar.

## Ved eit større utbrot

Fugleinfluensa er ein smittsam virussjukdom som i hovudsak rammar fugl. Folkehelseinstituttet vurdera risikoen for smitte av fugleinfluensa frå fugl til menneske som svært låg.

---

## **Kommunen sine oppgåver ved eit større utbrot av fugleinfluensa:**

- å samle inn døde fuglar
- sikre vidare avfallshandtering
- bidra til opplæring om smittevern.

## **Varsling om utbrot:**

Mattilsynet, som «eigar» av hendinga, informerer kommunen om eventuelle større utbrot. Kriseleiinga i kommunen vert aktivert og informert. Kriseleiinga avtalar og planlegg innsamling og handtering av døde fuglar saman med SSR.

## **Innsamling av døde fuglar:**

Kriseleiinga og kommunelegen skal lage seg oversikt over tilgjengeleg beskyttelsesutstyr, og få tak i meir om det er behov for det. Kriseleiinga og kommuneoverlegen skal og stå for opplæring av personell som skal bidra med innsamling av døde fuglar. Herøy brann og redning, og uteseksjonen tek seg av innsamling av døde fuglar. Ved behov for meir mannskap kan Sivilforsvaret i Møre og Romsdal kontaktast.

## **Anbefalt å bruke for dei som skal bidra i utbrotsbekjempelse av fugleinfluensa.**

- eingongsbeskyttelseskjede, som for eksempel kjeledress
- vasstett forkle
- kraftige eingongshandskar eller kraftige vasstette desinfiserbare hanskars
- anderettsvern. (Vanlege munnbind er ikkje anbefalt)
- tettsittande brillar
- eingongs skovertrekke eller vasstette, desinfiserbare sko eller støvlar
- eingangshette

[For meir informasjon finn du på nettsida til Mattilsynet.](#)

Herøy kommune  
Rådhusgata 5

Postboks 274  
6099 Fosnavåg

Layout, utforming og korrektur: Kommunikasjonsavdelinga

